



Å VANDRE MED HÅP 2025

Tysdag 26 - torsdag 28.august 2025

## Start ved Prestegård i Vågslid tysdag 26.august kl. 11.

Gode tradisjonar må ein ta vare på. Slik som pilegrimsvandring mot Røldal.

Å vandre med håp er eit breitt samarbeid mellom psykisk Helse i Tokke, Vinje, Nissedal, Fyresdal, Seljord og Kvitseid, samt KVITO og DPS i Seljord. Noko av

det finaste med Å vandre meg håp, er det gode samarbeide. Desse vandringane er gjev oss venskap og kontaktar me kan glede oss over resten av året.



Tysdagen er etappa til Ulevå, ca 14 kilometer.

Det er høve til å overnatte på Fjellstad. Her er det plass til alt mellom 10 – 25, i tillegg har me rom på Haukelifjell Skisenter.

Tysdag kveld et me middag saman på Fjellstad.

Onsdag 27 august startar me ved Ulevå kl. 10. ( Ulevå ligg fire- fem kilometer vest for Haukeliseter.)

Denne dagen går med til Dyrskar. Så hender det også at KVITO dukkar opp med bollar.



Middag og overnatting på Fjellstad.

Torsdag 28. august. Start frå Svandalsflona kring kl. 10.

Siste etappe til stavkyrkja i Røldal. Kort avslutning i kyrkja. 12-13 kilometer denne dagen.



Ei av greia med pilegrimsvandringar er at ein aldri veit kven som er med. I fjor m.a desse to fylkespolitikarane Anne Nora Oma Dale og Hilde Alice Vågslid med på siste etappe.

Velkomne til gode  
dagar på Haukelifjell. Blir fint å møtast!

Eilev Erikstein

Prosjektleiar Å vandre med håp / Prostidiakon i Vest- Telemark  
91113580